

Budeiene stortrivst på Voss!

20.07.2012



Budeiene har ansvar for 31 mjølkekyr

For ein knapp måned sidan fortalde vi om 2 jenter på 17 år som var klar til å ta fatt på den spennande sommarjobben som budeier. Det er Eirin Rørheim Kjærland her frå Uskedalen, og venninna hennar Inger Marie Opedal frå Bømlø. Begge er ferdig med første året på landbrukslina på Voss, og dei var heldige og fekk den spesielle og spennande sommarjobben gjennom ein lærar der.



Eirin har godt lag med kyrne!!

No er jentene vel halvferdige med tida på stølen som ligg i Raundal ovanfor Palmafossen ved Voss. Torsdag hadde dei besøk heimanfrå, og då hadde vi avtalt både bilde og rapport frå budeielivet. La det vera sagt med ein gang: begge jentene stortrivst med sommarjobben sin, og humøret er på topp.

Sjølv om dei er omgjevne av vakkert fjell-landsskap kan dei ikkje bruka dagane til avslapping. Jentene har nemleg ansvar for heile 31 mjølkekyr. Dermed vert det godt med trim, og dei har ingen mulighet til å sove frampå. Nei, jentene må opp kl.05.30 kvar einaste morgon. Det tar si tid når kyrne



Inger Marie med dieselaggregatet.

skal inn i mjølkestallen, og 31 kyr skal mjølkast. Alt må vera klart til mjølkebilan kjem for å hente mjølka, og det har budeiene klart med glans!!



Eirin gjev broder Jone innføring om mjølkeanlegget.

Med sitt gode humør fortel Eirin at dei også har hatt sine utfordringar. Ein dag gjekk dieselaggregatet som syt for straum til mjølkeanlegget, varmt så gneistane fauk, men jentene klarte å ordna opp i det og! Elles vart dei begge fokjølte, og det må nok veret få skulda for. Regnet gjorde at dei vart våte og kalde då dei henta kyrne inn til mjølking. Og sjølv om dei saknar luksuslivet heime litt, er veret det einaste dei ikkje er fornøgd med. Med flott sommarver kunne denne budeiesommaren blitt endå betre!



Kyrne på vei inn til mjølking.

Dei syns det er kjekt at dei har hatt så mykje besøk av både venner og familie. Kontakt med omverda har dei og med mobil sjølv om dekninga i området er svært dårleg. Jentene har funne seg eit bestemt punkt dei går til når dei skal bruka mobilen. Dei er sjølv sagt ikkje rådlause!! Appropos mobil så kunne Eirin med eit flir fortelje å ho hadde eit uhell; mobilen datt i gjørma. Ho erfarte at kujaging og mobil i lomma var ein dårleg kombinasjon. Når dei treng å handla, hiv dei seg på ATV'en og tar ein tur til Palmafossen.

Når jentene no tar fatt på dei 10 siste dagane av den spennande sommarjobben, har dei eit stort ønskje: flott sommarver. Det vil gjera denne jobben som gjev dei god erfaring og flotte minne, heilt fullkommen!! Sommaren 2012 vil nok dei to unge budeiene, uansett ver, sjå tilbake på med stor glede!!

Foto: Svein Ottar Rørheim
Tekst: Thor Inge Døssland.



Stølen ligg i eit praktfullt fjellområde